

# SV: SV: 188/5 Mellombels løyve hall/ Tilleggsjord Gjervik

Fra [Ordførar Lindås](#) 

Til [Håkon Reigstad](#) 

Dato 31.08.2015 14:48

Hei

Takk for mail med spørsmål om sak 188/5 Gjervik som eg vil svare på .

Eg starter med å vise til interpellasjonen :

Når vart ferdigattest, evt. mellombels bruksløyve gjeve? Jf. pkt 8 i delegert løyvebrev.

**Svar: Sidan hallen er eit mellombels lager er det ikkje vidareført krav om bruksløyve/ferdigattest.**

- I vedtak av landbruksjefen av 7.10.2013 vert det sett som vilkår at det skal vera ein plan for tilbakeføring til jordbruksareal for arealet utanom hallen. Denne skal vera godkjend før hallen vert sett opp.

Når vart denne planen godkjend?

**Svar: Tiltakshavar har sendt inn sin plan i brev av 13.03.2014 til Landbrukskontoret. I sitt brev har tiltakshavar mellom anna bedt kommunen om å fråfalle kravet om tilbakeføring til landbruksareal. Landbruksjefen har i brev av 03.07.14 gitt tilbakemelding om at vilkåra gjeld, jorda må tilbakeførast og arealet skal vera klart for såing for grasproduksjon våren 2015.**

Korleis er denne planen følgd opp?

**Svar: Det har ikkje vore konkret oppfølging av planen etter at brevet av 03.07.14 blei sendt. Tiltakshavar har ved fleire høve vore i kontakt med Landbruksjefen. Både ved besøk på kontoret og telefonisk. Kvar gong har han vorte minna på tidsfristen for gjennomføring av planen.**

- Kva har kommunen svara tiltakshavar på spørsmålet om dispensasjon frå kravet om tilbakeføring til jordbruksareal?
- Svar: Viser til svar på det andre spørsmålet. Landbruksjefen har i brev av 03.07.14 gitt tilbakemelding om at vilkåra gjeld, jorda må tilbakeførast og arealet skal vera klart for såing for grasproduksjon våren 2015.**
- Kva vert gjort for å sikra gjennomføring av vilkår nr. 7 i løyvet, som seier at hallen skal vera fjerna og heile tomta skal tilbakeførast til landbruksareal innan 31.08.2015?
- Svar: Byggесak vil følgje opp vedtaket om fjerning av den mellombelse hallen i samsvar med fristen som er satt til 31.08.2015.**

Som du ser så skal saka fylgjast opp, og villkåra gjeld – ergo så må vedtaka fylgjast opp. Det er rådmannen som har ansvar for å sjå til at politiske og administrative vedtak vert fulgt opp.

I dag er siste dag på den fristen som er satt til tiltakshavar, og då forventer eg som ordførar at administrasjonen grip fatt i saka og tek på alvor det som både er vedteke og svara på.

Vidare har eg fått opplysningar om at tiltakshaver ber om forlenga frist, og difor har eg bedt om at rådmann må legge det fram som sak for politikarane i plan og miljøutvalet.

Saka kjem difor opp i ekstraord.møte 23.sept.2015.

Uansett om dette er ei sak som kjem opp eller ei, så går fristen i dag og administrasjonen må sjå på konsekvensene av dette. Rådmannen har stadfesta at det skal dei gjere.

Dette er ei sak som har tatt tid, og som du påpeiker , det er lite som har skjedd i saka. Det betyr ikkje at Lindås kommune berre skal gløyme dette, for eitkvart vedtak som er fatta er jo gjort fordi det skal fylgjast opp og har ein konsekvens.

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart, eller om du ynskjer meir faglege vurderingar, då må eg be rådmann svare.

Eg synes det er flott at de etterspør, og difor har eg også satt saka på dagsorden politisk.

Med venleg helsing  
Astrid Aarhus Byrknes

**Fra:** Haakon Reigstad [mailto:[hakon77@online.no](mailto:hakon77@online.no)]  
**Sendt:** 31. august 2015 11:33  
**Til:** Ordførar Lindås  
**Emne:** Re: SV: 188/5 Mellombels løyve hall/ Tilleggsjord Gjervik

Hei

Viser til samtale med varaordfører tidlegare i dag, der ho ber om at eg sender spørsmål vidare til ordførar på epost.

Me er fleire naboar her som lurer på korleis det går i saka der det vart gjeve mellombels løyve på vilkår på Gjervikflaten..

Frist for tilbakeføring er sett til idag. Men ikkje så mykje er skjedd, anna enn at hallen er bygd og tatt i bruk utan ferdigattest.

Mvh Håkon Reigstad

Den 27.06.2014 13:45, skrev Haakon Reigstad:

Hei.

No nærmar det seg sommarferie for dei fleste, og eg veit ikkje om det er gjort noko meir i denne saka. Eg tok opp saka i januar eller februar i år. Tiltakshavar har her tatt i bruk noko, utan at vilkåra i løyve er stetta. Trur heller ikkje det er søkt om ferdigattest..

Eg synest at det store opne såret ved inngangen til bygdene våre ikkje ser bra ut, og synes det er rart at ikkje kommunen nyttar sin rett til å påpeike at tiltaket er tatt i bruk utan søknad om ferdigattest, som syner at at vilkåra er stetta.

Det er vel ingen si interesse at det skal sjå ut slik det gjer, er det vel? Me som naboar har iallefall hatt utsikten lenge nok!

Med ynskje om ein fin sommar!

Helsing Håkon Reigstad

From: Tor Hegle [[Tor.Hegle@lindas.kommune.no](mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no)] Sent: 2014-05-05 08:36:05 CEST To: Håkon Reigstad [[hakon77@online.no](mailto:hakon77@online.no)] Cc: Ordførar Lindås [[ordforar@lindas.kommune.no](mailto:ordforar@lindas.kommune.no)], Varaordførar Lindås [[vordf@lindas.kommune.no](mailto:vordf@lindas.kommune.no)] Subject: SV: 188/5 Mellombels løyve hall/ Tilleggsjord Gjervik Hei. Eg viser til tidlegare epostar i saka, og tidlegare melding til Ordførar. Saka er i prosess både på

landbrukskontoret og på byggesak. Det er mottatt dokument frå tiltakshavar som er til behandling. Med helsing Tor Hegle, Einingsleiar Areal- og miljøeininga, Lindås kommune.

-----Opprinnelig melding----- Fra:

Varaordførar Lindås Sendt: 24. april 2014 08:29 Til: Håkon Reigstad; Tor Hegle;  
Varaordførar Lindås Emne: SV: 188/5 Mellombels løyve hall/ Tilleggsjord Gjervik Hei  
Haakon, Eg har motteke mailen:) :) Eg vil igjen ta dette opp med rådmannen, første  
formelle møte for slike saker er fk måndag. Men eg treff rådmannen i dag og skal  
informere han dersom det vert tid for det i ein pause i kommunestyret i dag. Han vil då  
ta dette opp med einingsleiar Tor Hegle som også får kopi av mailen. (No er eg veldig  
formell:), jfr tenesteveg). Ha ein fin dag:) :) Helsing May-Eva -----Opprinnelig melding-  
---- Fra: Haakon Reigstad [mailto:[hakon77@online.no](mailto:hakon77@online.no)] Sendt: 22. april 2014 16:14 Til:  
Tor Hegle; Varaordførar Lindås Emne: 188/5 Mellombels løyve hall/ Tilleggsjord Gjervik  
Hei. Eg har tidlegare i år snakka nokre ganger med May Eva Sandvik om den midlertidige  
hallen som er satt opp i Gjervik. Den er tatt i bruk utan at vilkåra for dette er stetta. Ser  
i postlista at det skjer ting i samband med saka, og det siste eg nå har sett er at ein av  
aktørane som er involvert i saka, ber om å få sleppa å stelle det til slik vedtaket seier... ( Han  
ynskjer rett og slett å sleppa vilkåra som vart satt av politikarane i samband med  
løyve om mellombels hall) Synes no at naboar og alle andre kan få sleppa å sjå dette  
fæle synet som møter oss kvar dag og at vilkåra vert fylgd opp i saka. Er vel fleire år  
sidan det eigentleg skulle vore ordna dette her.. Har prøvd å ringe Tor Hegle 2-3 gangar,  
men han er nok like travel som oss andre, så difor denne eposten. Er også noko usikker  
om det er May Eva Sandvik eller Astrid Byrknes som også får denne eposten. Håpar på  
snar i rett retning! Med vennleg helsing Håkon Reigstad Gjervik